

Vedtekter for skulefritidsordninga i Kvam

Vedtekten av Kvam heradsstyre i sak 88/22, og gjeld frå og med 01.08.23.

Vedtektene skal evaluerast innan to år.

Dei kommunale skulefritidsordningane vert drivne i samsvar med lov, forskrifter og kommunale og lokale retningslinjer.

Vedtektene for skulefritidsordninga (SFO) i Kvam herad er heimla i [Opplæringslova § 13-7](#) og er i samsvar med [Forskrift om rammeplan for skulefritidsordningen](#).

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilde behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga er ei frivillig ordning som vert finansiert ved statstilskot, foreldrebetaling og kommunale midlar. Foreldrebetaling skal inntektsførast, og utgiftene til løn m.m. skal belastast av den enkelte skulefritidsordning. Rektor skal driva tiltaket innan den økonomiske ramma for si ordning.

1) Organisering av SFO i Kvam

Elevar i Kvam skal som hovudregel ha SFO-tilbod ved nærskulen. Dette gjeld alle skuledagar, morgon og ettermiddag, samt haust- og vinterferie.

Skulefritidsåret startar samstundes med skuleåret for elevane. Kvam herad vil ha utvida opningstid i sommarferien (to veker etter skuleslutt) ved Norheimsund skule.

Skulefritidsordninga har stengt romjul, påskeveke, skulen sine kurs- og planleggingsdagar og delar av sommarferien.

2) Opningstid

Dei dagane det er skule vil SFO vera open frå kl. 07:00 til skulestart, og frå skuleslutt til kl. 16:00. Opningstida gjeld også i feriane. Borna disponerer så mange dagar i ei ferieveke som dei har til vanleg.

Føresette skal få tilbod om å melda på barnet sitt i tidsrommet som er skissert over. Dersom det etter påmelding ikkje er born som skal nytta SFO, kan opningstida og ressursane justerast.

3) Eigartilhøve

Kvam herad eig skulefritidsordningane i Kvam, og heradsstyret har det overordna ansvaret for å skapa gode rammevilkår for skulefritidsordningane i samsvar med dei lokale tilhøva ved dei ulike krinsane. Heradsstyret skal godkjenne SFO sine leike- og opphaldsareal, og vedta kommunale retningslinjer for organisering, rammer for drift og kriterium for opptak.

4) Opptak og opptakskriterium

Tilbod om SFO-plass og søknadsfrist vert kunngjort i barnehagane, i skulane og på heimesidene til Kvam herad. SFO-året fylgjer skuleåret. Søknad om plass i SFO skjer på digitale skjema på Kvam herad sine internettsider. Hovudopptak er om våren for komande SFO-år. Søknadsfrist er 1. mars. Søknadane vert handsama fortløpande og alle barn frå 1.-4.trinn som søker får tildelt plass. Borna får plass ut året dei går i 4. trinn dersom det ikkje føreligg skriftleg oppseiing.

Rådmannen er opptaksmynde.

Elevar med særskilde behov

Søknad om plass i SFO for elevarfrå 5.-7. trinn med særskilde behov skal vurderast i kvart enkelt tilfelle. Det er rektor som avgjer om eleven får plass.

5) SFO-plass

Skulefritidsordninga i Kvam tilbyr fylgjande alternativ:

- 1) Heil plass, morgon og ettermiddag
- 2) Ettermiddag-SFO
- 3) Morgon-SFO

Kjøp av ekstra dagar

Det er mogleg å kjøpa ekstra dagar i SFO, men dette skal meldast frå om minimum 14 dagar på førehand. Rektor/ SFO-leiar kan gjera unntak dersom det er mogleg ut frå bemanninga som er planlagt den aktuelle dagen. Påmelding til ekstra dag er bindande og det vert fakturert etter at dagen/dagane er tinga.

Endring av plass

Auke og reduksjon av SFO-plass kan innvilgast etter søknad. Føresette må betala for opphavleg SFO-plass den månaden dei seier opp og for tre heile påfølgjande månader. Dersom SFO kan ta inn nytt barn før perioden har gått, kan reduksjon verta innvilga tidlegare, men tidlegast frå den datoen det vert betalt for nytt barn.

Ved auke i tal dagar barnet er i SFO inne i opptaksperioden, vert ny betalingsatts rekna frå den dagen endringa skjer. Auke i løpet av SFO-året kan berre innvilgast dersom det er tilstrekkeleg med bemanning.

Oppseiing av plass

Ved oppseiing av SFO-plass må det betalast for den månaden Kvam herd mottek oppseiinga, og for tre påfølgjande heile månader. Dersom SFO kan ta inn nytt barn før perioden har gått, kan reduksjon verta innvilga tidlegare, men tidlegast frå den datoen det vert betalt for nytt barn.

Ved oppseiing etter 1. april, må det betalast for resten av driftsåret.

Søknadar om endring eller oppseiing vert handsama av SFO-leiar/ rektor.

Permisjon frå SFO

Administrasjonssjefen kan gje permisjon frå SFO ved brå endring i barnet sin livssituasjon. Permisjon etter desse vilkåra vert gjeve etter skriftleg søknad frå føresette og med dokumentasjon. Den første fráværsmånaden rekna frå motteken søknad vert likevel fakturert etter vanlege satsar.

6) Foreldrebetaling

SFO følgjer forskrift om SFO, og nyttar dei betalingsattsane som blir fastsett av heradsstyret. Betalinga gjeld frå den dato barnet startar og fram til oppseiingsdato. Betaling for SFO skjer forskotsvis med forfall fyrste dag i kvar månad. Foreldre/føresette betalar for 10 månadar. Juli og august er betalingsfri.

Mat: SFO tilbyr enkel matsservering.

- A. Ved for sein betaling vert det etter minimum 2 – to – veker sendt eit fyrste purrebrev frå Kvam herad v/ økonomikontoret. Det skal nyttast satsar for purregebyr og forseinkingsrente som vert fastsett i det årlege gebyrheftet i kommunen. Etter 2 – to – månadar seier Kvam herad opp plassen gjeldande frå 1. i månaden etter. Økonomikontoret sender varsel om inkasso ved manglande betaling. Vidare krav blir innfordra ved tvang.

Ved manglande betaling for barnehageplass vert ikkje plass i SFO tildelt før barnehageavgifta er betalt, eller det føreligg ei betalingsordning økonomisjefen kan godkjenna.
- B. Foreldrebetalinga kan bli redusert til 50 % dersom barnet samanhengande er borte frå SFO meir enn ein månad på grunn av alvorleg sjukdom. Dette må dokumenterast med legeattest. Den første fráværsmånaden, rekna frå den dagen søknaden er motteken, blir likevel fakturert etter vanlege satsar.
- C. Ved ekstraordinær stenging heile dagar vert det gjeve prisavslag tilsvarande 100 % reduksjon av dagbetalinga.
- D. Det vert gjeve søskenmoderasjon etter reglar gjevne av heradsstyret. Det vert gjeve 50 % frå og med barn nr 2. Søskenmoderasjon for barn som ikkje er søsken, men bur i same hushald, kan bli gjeven etter særskild søknad.
- E. SFO i Kvam skal krevja eit gebyr på kr. 250,- kvar gong føresette hentar barn etter stengetid, dvs. at barna må vera ute av lokala før stengetid.
- F. Redusert betalingsevne. Kvam herad følgjer dei moderasjonsordningar som er fastsett i forskrift om foreldrebetaling i SFO. Redusert foreldrebetaling - Kvam herad (www.kvam.no)

7) Leike- og opphaldsareal

Leike- og opphaldsareala ute og inne skal høva til føremålet og vera tilpassa den aktiviteten som vert driven. Det er ynskjeleg at skulefritidsordninga har sin eigen base og tilgang til kjøken. Dersom tilhøva ikkje ligg til rette for eigen base, kan ordninga organiserast i rom ved sambruk med skulen. Elles skal skulefritidsordninga kunna nytta skulen sine fellesareal ute og inne, og inventar og utstyr på lik linje med skulen elles. Heradsstyret har godkjenningssmynde. Ved godkjenning skal det m.a. leggjast vekt på gruppestorleik og borna sitt behov for tryggleik og fri leik og utfalding.

8) Bemanning og leiing

Rektor har det overordna pedagogiske, administrative og økonomiske ansvaret for skulefritidsordninga og har ansvar for at SFO går inn i ein heilskap med skulen.

SFO skal vera bemanna slik at tryggleiken til den einskilde til ei kvar tid er ivareteke, avhengig av alder- og gruppesamansetjing.

Kvam herad fylgjer avtalen SFS 2201. Avtalen seier mellom anna at i skulefritidsordningar som samla har 60 born eller fleire påmeldt, skal det som hovudregel tilsetjast dagleg leiar i heil stilling.

Bemanning Det skal vera 8 barn på vaksen nr. 1, og deretter 15 born på vaksen nr. 2, 3 og så vidare. Det skal likevel gjerast ei skjønnsvurdering ved tildelinga av ressursar ut frå alder, gruppestorleik og born med særskilde behov.

Det skal utarbeidast rutine ved kvar SFO som syner korleis tryggleiken til barn og tilsett vert ivareteken dersom den tilsette er aleine på jobb.

9) Foreldresamarbeid

Skulen sitt samarbeidsutval fungerer som samarbeidsutval for SFO.

Det skal veljast minst 1 foreldrekontakt mellom dei foreldra som har barn i skulefritidsordninga. Foreldrekontakten/ane skal ivareta borna og foreldra sine interesser i SFO og fungera som bindeledd mellom foreldre/born, dagleg leiing på SFO og leiinga ved skulen.

Det skal vera minimum eitt foreldremøte for foreldre med born i SFO per år. Møtet kan arrangerast saman med skulen sine foreldremøte. Foreldreprésentantane skal få høve til å ha ei aktiv rolle i arbeidet med årshjul og evaluering av dette.

10) Sommar-SFO

SFO har tilbod om to veker SFO frå skuleåret sluttar. Tilbodet er lokalisert ved Norheimsund skule og krev påmelding og betaling i tillegg til ordinær SFO. Det vert sett frist for påmelding og denne er bindande.